

# SMITTEVERNPLAN RAUDT NIVÅ BJERKREIM SKULE

(revidert 05.04.21 basert på oppdatert rettleiar frå myndigheitene)

Tiltaka bygger på [statlege retningslinjer](#) datert 25.3.21

---

Det gjeld 3 hovudreglar for smittevern ved opning av skulen

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen
  2. God hygiene og forsterket renhold
  3. Redusert kontakt mellom personar
- 

1. Sjuke personar skal ikkje vera på skulen

## **Ved sjukdom:**

Ein kan koma på skulen om:

- Ein er frisk og ingen i husstanden har påvist Covid-19.
- Dersom nokon i husstanden er sjuke (utan påvist Covid-19), men ein ikkje er sjuk sjølv.

Ein skal ikkje koma på skulen om

- Ein er sjuk. Då må ein venta til ein er symptomfri
- Ein sjølv har påvist Covid-19. Då er du i isolasjon.
- Nokon i husstanden har påvist Covid-19. Då er du i karantene.

## **Når sjukdom oppstår på skulen:**

1. Elev skal venta ute eller på tilvist rom (Helsesøsterskontor) saman med vaksen. Hald 2 m avstand viss mogleg. Gje beskjed til reinhald om rommet vert nytta. Det skal vera munnbind og desinfeksjon tilgjengeleg i rommet.
2. Foreldre må komma og henta sjuk elev, eventuelt må ein vaksen frå skulen køyre eleven heim.
3. Om tilsette blir sjuke i løpet av arbeidsdagen skal ein forlate skulen så snart som mogleg.

Me bruker skjønn frå situasjon til situasjon. Det er forskjell på å nyse/hoste/kremte pga allergi, rensa stemmen e.l., og å faktisk ha symptom på forkjølelse.

#### Barn i risikogruppe:

Sjå rettleiar frå myndighetene

#### Vaksne i risikogruppe

Sjå rettleiar frå myndighetene. Om du er usikker på om du er i risikogruppa og treng tilrettelegging må du diskutere med din fastlege og rektor.

## 2. God hygiene

Sjå eigen plan for reinhald.

#### Organisering:

- Kvar klasse på under 15 elevar er ein kohort. 1., 4. og 7. klasse blir delt i 2 kohortar.
- to kohorter kan samarbeide for praktisk gjennomføring av skoledagen og ved behov for pauser for ansatte, helst utendørs.
- Kvar kohort har sitt eige klasserom/baserom
- kohortar kan kun blandes på samme trinn, og bare når ein har undervisning ute.
- Økt bruk av utetid og uteskole anbefales.
- ikkje del utstyr.

#### Avstand:

- alle elever har egen pult i klasserommet for å sikre avstand mellom elever.
- elevene kan bevege seg vanlig i klasserommet.
- unngå trengsel på vei inn og ut av rom, garderober og toalett.
- det tilstrebes at foresatte ikke blir med inn i garderobe/skole. Hvis foresatte må bli med inn skal de holde minst 1m til andre.
- *spesielt for 5.-7.trinn:*
  - elever og ansatte oppfordres til å holde avstand til hverandre også innen kohort, helst 1 meter.

#### For elevar

- Elevene skal ikke dele mat og drikke
- Vask hender når dei kjem på skulen - ok med sprit dersom dei ikkje har synleg skitne hendar
- Bruk handsprit før du går ut av klasserom
- Ta med pennal om dei har
- Vask/sprit hender etter kvart friminutt
- Nys i papir eller albuen
- Ha papir tilgjengelig på pulten til å kunne nyse/hoste i
- Elever vasker pulten sjølv før dei et. Vask med sprit og tørkepapir.

- Hald 1-2m avstad til elevar frå andre trinn. Elevar på mellomtrinnet oppfordres til å holde avstand også innan kohorten, helst 1 meter.
- Begrens deling av utstyr med andre, som bøker, skrivesaker og annet materiell.
- leker tas ikke med hjemmefra.

#### For vaksne:

- Vaksne i klasserom spriter dørhåndtak etter kvart friminutt
- Leiker som er i bruk må vaskes dagleg
- Tøyleker, klassebamser m.m. skal ryddast vekk.
- Elevane skal ha fast plass i klasserommet og i ein ev. base utandørs.
- Elevane skal ha egne skrivesaker på skulen, anten eige pennal eller korg på plassen sin. Dette inkluderer fargeblyanter. Begrens deling.
- Kvar elev skal ha ein digital eining. Denne skal merkast med namn.
- Skolebøker kan fraktes mellom heim og skole. dette gjelder også skriftlige innleveringer.
- læringsmateriell og lignende kan deles mellom kohorter etter rengjøring eller når det har ligget i 24 timer etter bruk.

### 3. Redusert kontakt mellom personar

Kvar klasse er ein kohort.

- Hald 2 meter avstand til elevar frå andre kohortar, 1 m avstand innad i kohort.
- Om utagering oppstår skal ein vaksen leia elev ut, for å unngå unødvendig kontakt med andre. La dei få pause utandørs, og unngå nærkontakt dersom mogleg.
- Personal skal i størst mogleg grad halda seg til eitt trinn.
- Dei tilsette som må gå mellom fleire trinn må vera ekstra nøye på regel om avstand og handvask/desinfeksjon.

#### Inndeling i kohortar

Kvar klasse på under 15 elevar er ein kohort, dvs. 1. 4. og 7. klasse er 2 kohortar.

1.klasse: musikkrommet + klasserommet

4. klasse: gymsalen + klasserommet

7. klasse: koderommet + klasserommet

#### Timeplan

Klassane held seg til dagens timeplanordning, inndelt i kohorter så langt det lar seg gjera.

### Spesielle omsyn i nokre fag/områder

*Undervisning gjennomføres i gjeldene kohort, kohorter på trinn kan samarbeide utendørs.*

- **Kroppsøving:** Elevane skal ikkje dusja på skulen. Kan ha ekstra t-skjorte med seg og gymsko liggande på skulen. unngå aktiviteter med nær kontakt mellom elever.
- **Musikk:** Skal foregå i klasserom / kohortrom. Ikkje på musikkrommet. Lærer kan ta med seg instrument inn til klasserom. Instrumenter bør så langt det er mulig ikke deles og ikke berøres av andre enn den som skal benytte det. blåseinstrument skal ikke deles. Ved bruk av håndholdte instrument og tangenter, må berørte områder tørkes av etter bruk.
- **Mat og helse:** Mat kan tilberedes på skulen etter [vanlige retningslinjer](#). Det bør utøves god håndhygiene og vanlig kjøkkenhygiene. Begrens deling av utstyr. Vask og rengjør utstyret der det er mulig etter bruk.
- **Kunst og håndverk:** Begrens deling av utstyr. vask og rengjør utstyret der det er mulig etter bruk.
- **Bibliotek:** Kan brukast, men berre ein kohort om gongen. Handvask før bruk!

### Friminutt:

Ein klasse kan vera saman i friminutt.

- Ein skal oppfordra til 1 meter avstand mellom kvar elev. Unngå difor leker som krever kroppskontakt. (Fotball må f.eks. tilpassast, til å gå vekk frå vanleg fotballkamp til å ha ein dabb, straffekonk m.m.)

Skulen sitt uteområde blir delt inn slik at klassane veit kor dei skal vere.

Kvart team styrer sitt eige trinn, og fordeler vaktordning sjølv. Det skal vera minst ein vaksen ute per klasse.

### Oppmøte ved skulestart og etter friminutt:

For elevar:

- Dersom du ikkje brukar skuleskyss så ber me om at du ikkje kjem på skulen før kl 7:55.

- Bruker du skuleskyss, så held du deg i sonen ditt trinn har den dagen fram til skulen startar.
- Still opp på din plass etter friminutt og gå inn når du får beskjed om det.
- Alle ytterklede skal oppbevarast på tildelt garderobeplass.

Teamet organiserer området der den enkelte klassen skal møte opp etter friminutt og ved skulestart. Bruk gjerne tape til å merke opp områder under taket ved klasseromsdøra. Øv på oppstilling og det å gå inn for å vaske hender i ordna former.

På slutten av kvar dag føl ein lærar kvar klasse til bussen og hjelper til slik at elevane kan halda ein meter avstand medan dei ventar på buss

#### SFO:

- SFO må oppretthalda kohortane frå klassane, som gruppeinndeling undervegs i løpet av SFO-tida. Elevane kan vera tilstade i same rom, men må ha faste områder innandørs der dei kan leika og ete. Leikene inne må delast mellom gruppene slik at dei ikkje deler på tvers, og vaskast dagleg. Ute skal dei halda seg med elevar på sitt trinn.
- Det vil ikkje verta matsservering på SFO, elevane må ha med seg matpakke. Utgifta til mat blir avkorta fram mot sommaren.
- ev. leksehjelp må delast i kohortar på ulike rom.

#### Skuleskyss:

I [rettleiinga for smittevern](#) er det gitt føringer for skuleskyssen (s.14).

- Heimen og skulen må saman rettleie elevane i smittevern på buss.
- Alle elevar på 1.-7. som til vanleg tek buss, kan gjer det.
- Elevane må halde 1 m avstand til kvarandre når dei ventar på buss.
- Elevane skal sitte med 1 m avstand til kvarandre på bussen. Dvs. ein reisande pr. dobbelt sete. Søsken og elevar frå same kohort kan sitje saman.
- Sjåførene kan ikkje hjelpa dei minste med setebeltet. Øv på dette heime.
- Framdøra på bussane er sperra, kun inngang/utgang bak.
- Dei to framste seterekkene i bussene er sperra.
- Sjåførar tørker av alle flater i bussen etter kvar tur.
- Grunna redusert kapasitet er det kun elevar med skyssrett som kan følge bussane så lenge avstandskravet gjeld.

For ansatte:

- unngå håndhilsing og klemming
- Hold avstand til kolleger og elever fra andre kohorter.
- digitale møter i stedet for fysiske møter så langt det er mulig.

PPT/Logoped/helsesøster:

- Følger smittevernregler, og har oppmøte på skolen.
- De skal holde minst en meter avstand til andre ansatte og til elever så langt det lar seg gjøre.

Foreldremøte, FAU.SU/SMU

Alle felles møter blir digitale.

klassekontaktene avtaler med kontaktlærer dag for møte.